Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24 | Fylke: Sogn og Fjord.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Kyrkjebø

Emne: Måltider og mat | Bygdelag: Høyanger

Oppskr. av: S. Dale 95 år | Gard: Dale

(adresse): Høyanger | G.nr. 63(64) Br.nr. 1–5 1)

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
1) Gardsn. ynesar i Mats i dei yngre utgåvor.

SVAR

1. Frukost middag (dåur) dugurd non (Kaffi) Kveldsmat = 4

2. Frå kl. 6. kl. 11. kl. 3. kl. 8 (i 1865)

3. Maltidi var ikkje til same tid. Men um sumaren og i vårvinna hadde ein ofte „bisk" mellom måli, morgonbiske for frukost med same ein stod upp. So millom middag og non. nonsbisk, millom non og kveldsmat, kveldbisk. ei potetkaka, ei flatkake smøri eller slikt og 1 kopp mjølk. Dette var soleis i skurden og treske=dagane og elles i tung arbeid.

Leggjetidi var den same vinter og sumar. Men dei var tidlegare uppe den ljose årstidi

5. Etter det eg kan skyna var frukosten rekna for hovudmålet i 1865 og likeins fram til 1890. Då vart frukosten vanleg Kaffi og skiva. Før var det kokt mat, kjøt, fisk, eller spikemat til frukost. Um vinteren hadde ein oftare kokt kjøt eller fisk. Um sumaren gjekk det vanleg med graut og mjølk til

4914

til middag (daur). Det var vanleg
difor dei hadde både nonsbeete og kveld-
beete. dei vart svoltne etter på og kvelden
7. Sume stader hadde dei for vis
at dei ikkje skulde eta kjøt sum fre-
dagane. Elles kan eg ikkje minnast
at det var serskilde matretter dei ymse
dagane i vika. Graut og mjølk var vis
middagsmat sumar og vinter. Sild og
potetor nonsmat. graut og mjølk sum
kveldsmat lenge fram til 1890 åra. Då
då kaffi og skiva tok til å vera
nonsmat i staden for sild og potetor
og frukost i staden for kokt mat
fisk, kjøt eller flesk.
. Laurdag var det vanleg me hadde
smør og flatbrød til kvelds med mjølk
eller suppa til. Og Sundag fekk me kaf-
fi på sengi 1 kopp kaffi og 1 skiva eller
ei potetkaka, vaffelkaka e. l.
Då me stod upp smør og flatbrød
og kokte potetor med mjølk eller kaffi
til. Til middag då me hadde „bere
teksten" kokt kjøt og suppa. og kaffi
til nons.
8. Lite skilnad på matstellet sumar og
vinter.
9. Kjøt ein-tvo dagar for vika til [illegible] med
flesk. Sild og fisk annan kvar dag (Mon)
10. Flatbrød var på bordet når det ikkje
var grautmål. Til spekeflesk må det
sjølvsagt flatbrød
12. ?
13. Får i kål
14? Her et me både makrel og kylling når me berre får
gott i det

4914

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Svar til 11: Matsetel frå 1865 for ei vika

– So ūm lag –

| | Frukost | Middag | Non | Kveldsm. |
|---|---|---|---|---|
| M | Sidekjøt | Graut og | Sild og p. | graut og mjølk |
| T | Teatle og smör | mjølk | Flatbrød eller blodpylse | Uppsatkala |
| O | Fisk og pot | | | Graut |
| | Potetgr. m/ | | | |
| T | Smörauga | Fisk og pot | Gr. og mjølk | Mjølkevelling. |
| F | Spekekjøt og potet | Gr. og mj. | Sild og p. Salt fisk og potet | Gr. og mj. Graut og mjølk |
| L | Salt fisk og pat. | Graut og mjølk | Sild og potet | Mjølkevelling |
| S | Smör og flatbrød | Kjøt og süpe | Smör og brød Mjølk eller kaffi | Graut og mj. |

Neste veka: Det same på ein annan måte

Mjølkevelling kunde ein berre ha når ein hadde söt mjølk, og pylse i slakte-tidi. Potetgraut helst ūm haustan. Kalve kjøt og kalvesödn i slike tider um våren so det vart ikkje plent dit same jamt. Det skifte litt med årstiden etter som ein hadde emne (å) laga av

Njupon og bær er her mindre enn me kunne konsumera. Og Får i kål er sjeldsynt vare. I fjor fekk me får, men ikkje kål. I år er det ūmsnūtt. Me lyt lempa ass etter tidone

4914
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kyrkjebó var fram til 1916 ei bondebygd. Då Høyanger Aluminiumcompani bygde fabrikkane her, då vart det brått slutt på den gamle mat-skikken og andre skikkar elles frå gamalt som venteleg hadde halde på å gjenge ut litt um senn. Venteleg var det landhandelen som breidde seg ut over bygdene med fyllerisbåtrutene i 70-80 åri som var upphav til brigdet. Det vart lettare å få tak i kaffi og kjøpebrød og mjøl frå byen. Frå prestegardane kom det visst ikkji store brigde i matvegen. Meir truleg var det byskikken som kom heim med gjentor som tok seg tenesta i byen og tok skikken med seg når dei flytte heimatt.

Matrettane gjenom under 2. verdskrigen sette knapt varande merke..

Det ser ut til at det retter seg vonom snøggare etter kvart so snart dei vanlege varone kjem att både med maten og det andre som var so avlaga den gongen. So lenge ein har midlar til å greida utleggi gjeng det. Det løner seg ikkji å spara. Dei var utruleg flinke under krigen til å greida seg med dei midlar dei hadde for hand til å avhjelpa trongen, og til å hjelpast åt.

4914

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING